



DEN NORSKE KIRKE

Bygland og Årdal sokn

Protokoll

Protokoll frå møte i Bygland og Årdal sokneråd

Tid: 2.mars 2026

Stad: Bygland kyrkjekontor

Medlemer til stades

Gro Tove Frafjord Sandnes, Ann-Cecilie Andersen, Liv Sigrun Upsal, Susanne Hegenscheidt, Ivar Harry Dahl, Fung. Øivind Aakhus, sokneprest Inge Berg Pettersen

Andre til stades:

kyrkjeverje Anne Synnøve Ropstad,

Protokollfører: Anne Synnøve Ropstad

Inge opna med påskevandringa frå Jesu kamp i ørkenen til den tomme grava.

Dette vert siste soknerådet for Inge i denne omgang. Vi er takknemlige for tjenesten han har gjort i Bygland, og håpar han kjem attende.

11/26 FR Godkjenning av innkalling og protokoll

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Innkalling og protokoll godkjennast.

Vedtak:

Innkalling og protokoll godkjennast

12/26 SR Orienteringssaker

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Orienteringssaker

- Fasteaksjonen. Vi samarbeider med KVS-Bygland om å arrangere akedag
- Branntilsyn

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek saken til orientering.

Vedtak:

Soknerådet tek saken til orientering.

13/26 SR Godkjenning av årsrekneskapen til SR

Sakshandsamar: soknerådsleiar/kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner årsrekneskapen

Vedtak:

Soknerådet godkjenner årsrekneskapen

14/26 FR Budsjetthandsaming

Sakshandsamar: soknerådsleiar/kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Budsjettforslaget godkjennast med dei endringar som ein er komen fram til i møtet, og oversendast kommunen til orientering.

Vedtak:

Budsjettforslaget godkjennast med dei endringar som ein er komen fram til i møtet, og oversendast kommunen til orientering.

15/26 SR Offerliste, kyrkjevertliste og kyrkjekaffi for 2026

Sakshandsamar: soknepresten/soknerådsleiar

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek offerliste, kyrkjevertliste og kyrkjekaffiliste for 2026

Vedtak:

Soknerådet vedtek offerlista.

Kyrkjevertliste og kyrkjekaffiliste vert utsett og teken på mail.

16/26 FR Kyrkjebladet

Sakshandsamar: Soknerådsleiar/Kyrkjeverje

Framlegg til vedtak:

Utarbeidast i møte

Vedtak:

Soknerådet reduserer antall utgåver til to i året, eitt rett etter påske og eitt før jul. Dette for å spare pengar.

17/26 SR Haustkonfirmasjon

Sakshandsamar Soknerådsleiar/kyrkjeverje

Framlegg til vedtak:

Soknerådet flyttar konfirmasjonane frå og med 2027 til hausten.

Vedtak:

Soknerådet flyttar konfirmasjonane frå og med 2027 til hausten. Datoane blir vedtatt i gudstenesteplanen.

18/26 FR Møteplan, 2026

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtar forslaget til møteplan for 1.halvdel av 2026.

Vedtak:

15.april blir det workshop på kyrjekontoret kl 17-20.

19/26 FR Møte på Austad om opninga av Austad Kyrkje

Vedtak:

Fellesrådet inviterer til folkemøte på Ose grendehus for å diskutere framtida til Austad kyrkje på Tveit.

Forslag til dato er 8.april kl 18.00. Vi inviterer EvTek, Steinar Holte til å vere med på møtet for å svare på spørsmål.